

Hotel Alexandra – frå 1884 til 2026



Anders Markusson Loen



Loen's Hotell og "Kvamme's Hotell"


Det starta i 1884

Det heile starta i 1884, då Anders Markusson Loen opna *Loen's Hotel*. Turismen i Nordfjord var enno i startfasen, men den storslåtte naturen med fjord, fjell og brear byrja å trekkje reisande frå inn- og utland til Loen.

Rundt 1889 kom sonen Markus Loen heim frå Amerika saman med si svenske kone Ida. Familien utvikla hotellet vidare, og nokre år seinare fekk det namnet Hotel Alexandra, oppkalla etter prinsesse Alexandra av Danmark, seinare dronning av Storbritannia.

Markus var ein framsynt hotellmann som tidleg såg potensialet i den internasjonale turismen. Han arbeidde for å få turistskip til Loen og organiserte saman med bygdefolket transport vidare inn i Lodalen og på Lovatnet. Hotellet vart bygd ut fleire gonger og utvikla seg gradvis til å bli eit av dei markante turisthotella på Vestlandet.

Etter Markus sin død i 1929 vart drifta ført vidare av Ida og dei ni borna deira. Spesielt eldste dottera, Kari, bidrog til at hotellet klarte seg gjennom mange vanskelege periodar. I 1934 tok sonen Richard Loen over som direktør, og saman med kona Jenny førte han familietradisjonen vidare gjennom ei tid med store endringar i norsk reiseliv.




Hotel Alexandra 1884



Hotel Alexandra 1891



Hotel Alexandra 1934



Hotel Alexandra 1952



Hotel Alexandra 1957



Hotel Alexandra 1962



Hotel Alexandra 1981

Inger og Eivind Grov – ei ny tid

I 1965 tok Eivind Grov over leiinga av Hotel Alexandra. Han var gift med Inger Loen Grov, eldste dotter til Richard og Jenny Loen, og saman skulle dei kome til å setje eit sterkt preg på hotellet gjennom fleire tiår.

Inger og Eivind var både eigarar, leiarar og vertskap. Dei var tett på gjestene, dei tilsette og den daglege drifta, og bygde vidare på den personlege gjestfridomen som hadde vore ein del av Alexandra heilt sidan starten.

Då dei tok over, var Alexandra framleis i stor grad eit tradisjonelt turishotell der sommarsesongen var det viktigaste grunnlaget for drifta. Inger og Eivind såg behovet for å utvikle hotellet til ein heilårsarbeidsplass og eit reisemål som kunne trekkje gjester gjennom større delar av året.

Eit viktig steg i denne utviklinga kom i 1975, då den første svømmehallen ved Hotel Alexandra opna. Dette vart ei viktig satsing som gjorde hotellet meir attraktivt også utanfor sommarsesongen, og la grunnlaget for utviklinga av Alexandra som heilårshotell.

Dei neste tiåra vart difor prega av stor investeringsvilje og kontinuerleg utvikling. Hotellet vart bygd ut og modernisert, og det vart satsa målretta på den norske marknaden, kurs og konferansar, restaurantdrift, selskap og ferieopphald. Alexandra utvikla seg etter kvart til eit moderne heilårshotell.

Inger hadde ei viktig rolle i denne utviklinga. Ho var tett knytt til den daglege drifta og vertskapsrolla og var med på å forme den personlege atmosfæren og kulturen ved hotellet. Inger og Eivind dreiv Alexandra som eit lag, og familien var synleg og til stades i hotellet.

Eivind var samtidig ein sterk pådrivar for investeringar og vidare utvikling – ikkje berre av Alexandra, men også av reiselivet i Loen og Nordfjord. Han hadde ei sterk tru på at ein måtte fornye seg og skape nye grunnar for gjestene til å kome til Loen.

I 1996 opna Hotel Loenfjord, noko som auka den samla hotellkapasiteten og styrkte Loen som ferie-, kurs- og konferansedestinasjon.

I 2004 opna Alexandra Bad & Spa, som på den tida var den største enkeltinvesteringa i hotellet si historie. Same året vart Eivind Grov utnemnd til Ridder av 1. klasse av Den Kongelige Norske St. Olavs Orden for innsatsen sin for norsk reiseliv.

Perioden med Inger og Eivind vart dermed avgjerande for utviklinga av Alexandra frå eit tradisjonelt turisthotell til det moderne heilårshotellet vi kjenner i dag.

Femte generasjon

I 2012 tok Richard Grov over etter faren Eivind, og femte generasjon førte familieverksemda vidare. Richard hadde då vore aktiv i verksemda i mange år og vart ei sentral drivkraft i den vidare utviklinga av både konsernet og Loen som reisemål.

Han har vore primus motor i utviklinga av aktivitetsturismen i Loen gjennom mellom anna Skåla Opp, Loen Active og Via Ferrata Loen. Den største satsinga kom med Loen Skylift, som opna i 2017. Gondolbana frå fjorden til Hoven, 1011 meter over havet, vart eit nytt fyrtårn for reiselivet og har bidrege sterkt til å utvikle Loen som heilårsdestinasjon.

I dag er Richard Grov konsernsjef, med overordna ansvar for den samla verksemda, investeringane og den langsiktige strategiske utviklinga.

Søstera Ingri Grov Kämpf er hotellsjef og har ansvaret for den daglege drifta av Hotel Alexandra. Ho arbeider tett med avdelingsleiarane og dei tilsette, med fokus på vertskap, kvalitet og vidareutvikling samtidig med å ta vare på historia av hotellet. På mange måtar fører ho vidare den nære vertskapsrolla som har vore ein viktig del av Alexandra gjennom generasjonar.

Hotel Alexandra i 2026

I 2026 er Hotel Alexandra framleis eit frittståande og familieeigd hotell utan kjedetilknyting. Hotellet har 206 rom og eit omfattande tilbod innan overnatting, mat og drikke, bad og spa, kurs, konferansar og ferieopphald.

Saman med Hotel Loenfjord og satsingane på aktivitetar og opplevingar har Alexandra vore ein viktig del av utviklinga av Loen frå ei lita turistbygd til ein internasjonalt kjend reiselivsdestinasjon.

Frå 20 gjestesenger i 1884 til ei omfattande reiselivsverksemd i 2026 går det ein tydeleg raud tråd gjennom historia. Kvar generasjon har bygd vidare på det den førre

skapte – Anders og Markus, Richard og Jenny, Inger og Eivind, og i dag Richard og Ingri.

Bygningane, tilboda og måten vi reiser på har endra seg mykje gjennom 142 år. Men grunnideen har vore den same gjennom fem generasjonar:

Å utvikle og fornye – utan å miste den personlege gjestfridomen, familietradisjonen og dei sterke røtene i Loen.

Lokalt eigarskap – ein del av fundamentet

Gjennom heile historia har det lokale eigarskapet vore avgjerande. At eigarane sjølv bur og arbeider i lokalsamfunnet, gir eit langsiktig perspektiv der utviklinga av hotellet går hand i hand med utviklinga av Loen.

Verdiane som blir skapte, skal ikkje berre byggje hotellet vidare, men også bidra til lokale arbeidsplassar, aktivitet, investeringar og eit levande lokalsamfunn. Store avgjerder blir tekne lokalt, av menneske som kjenner bygda, dei tilsette og gjestene – og som sjølv skal leve med resultata av vala som blir gjorde.

For Hotel Alexandra handlar lokalt eigarskap difor om meir enn kven som eig hotellet. Det handlar om ansvar, tilhøyrslø og viljen til å investere langsiktig i Loen.

Etter 142 år er Alexandra framleis lokalt eigd – med røtene i Loen og blikket retta framover.